



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådhuset, Ørstafjord
Dato: 21.04.2026
Tid: Kl. 12.30 - 15.55

Fremmøtte

Karen Høydal
Cindy Helen Hoddevik
Odd Magne Vinjevoll
Tore Thon
Anne Sølvi Vatne
Per Are Sørheim
Tove Halse Digernes

Representerer

Ap
FRP
FRP
FRP
H
H
SP

Funksjon

medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
ordfører
varaordfører

Forfall

Per Ivar Lied
Are Folkestad

Representerer

SP
V

Varamedlem

Roger Vartdal
Synnøve Marie
Sætre

Representerer

KrF
SV

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 15/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/7829
PS 16/26	Spørsmålskvarter	26/7829
PS 17/26	Orienteringar	26/7829
PS 18/26	Referatsaker	26/7829
PS 19/26	Vurdering av auka grunnbemanning ved institusjonsdrifta i Helse, omsorg og velferd	26/7196
PS 20/26	Fastsetting av krav til regaranti elvesikring Bondalselva	21/4943
PS 21/26	Fullmakt til kriseleiinga - Ørsta kommune	25/11
PS 22/26	Felles beredskapsråd - Volda og Ørsta kommunar	25/11
PS 23/26	Overordna beredskapsplan - administrativ og operativ del	25/11
PS 24/26	Høyring - Framlegg om mellombels endra maksimaltid for skjenking av alkohol i varegruppe 1 og 2 under fotball-VM 2026	26/7669
PS 25/26	Endring skjenkeløyve	26/7167
PS 26/26	Budsjett: Innlemming av Stortinget si saldering av statsbudsjett 2026	26/7702
PS 27/26	Val av styremedlemar i Tussa Kraft AS - 2026. Innstilling til valkomiteen	26/7166
PS 28/26	Detaljregulering for Ose Næringsområde - Slutthandsaming	23/1373
PS 29/26	Vedtak - Detaljregulering for Hustadnes fjordhytter	24/6270
PS 30/26	Vedtak - Detaljreguleringsplan for bustadar - Kvievegen 8 - Sæbø	24/4430
PS 31/26	Utarbeiding av forskrift om fellingsavgift på hjort - Ørsta kommune - utsending på høyring	26/7715
PS 33/26	Omdisponering av investeringsmidlar - kjøkkendrift	26/7781
PS 34/26	Eigengodkjenning av Detaljreguleringsplan for Øy hyttefelt og Langåsen hyttegrend	21/1226
PS 35/26	Trafikktrygging 2026 - tilskot til trafikktryggingstiltak ved Vartdal skule	25/4685
PS 36/26	Månadsrapport prognose pr. februar 2026	
PS 37/26	Uttale - Landbruk	

Ørsta, 21.04.2026

Per Are Sørheim
ordfører

PS 15/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga vart godkjent utan merknad

Saklista vart godkjent utan merknad, men med sak 36/26 og trekte sak 32/26

Behandling:

Innkallinga vart godkjent utan merknad

Ordførar orienterte om det blir eit ekstra formannskapsmøte før kommunestyremøtet 30.04.2026. Det vart også orientert om Dialogkonferansen på torsdag.

Ordførar la til RS 24/26, Månadsrapport - prognose pr. februar 2026, som sak 36/26 og handsamast som første sak.

Ein uttale om landbruksoppgjeret vart sett opp som orienteringssak, og som sak på komande kommunestyremøte. Sak 32/26 vart trekt.

Saklista vart godkjent utan merknad, men med sak 36/26 og trekte sak 32/26

Skrive under protokollen:

Ann Sølvi Vatne (H) og Cindy Helen Hoddevik (FrP) vart valde til å skrive under protokollen saman med ordførar

PS 17/26 Orienteringar

Vedtak:

Orienteringane vart tekne til vitende

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
02/26	Konsekvensutgreiing i høve gjennomføring av vedtak: Reduksjon av 1,5 årsverk ved felleskjøkkenet

03/26	Uttale om landbruksoppgjeret 2026
-------	-----------------------------------

Behandling:

Ingen orientering

PS 18/26 Referatsaker

Vedtak:

Referatsakene vart tekne til vitende

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
18/26	Leilighetsbygg AS konkursbu - overføring av rettar og plikter etter utbyggingsavtale for Sætre Fjordustsikt
19/26	Vedkomande overføring av rettar og plikter i utbyggingsavtale frå konkursbu
20/26	Ørsta transformatorstasjon - grunngjeving for vedtak
21/26	Ørsta transformatorstasjon - Orientering av høringsinstanser
22/26	Kartlegging av biologisk mangfald i Sunnmørsfjordane
23/26	Skatteinngang pr. februar 2026
24/26	Månadsrapport – prognose pr. februar 2026
25/26	Skatteinngang pr. mars 2026
26/26	Søknad om støtte - Operasjon Dagsverk
27/26	Uttale frå pårørandegruppa ved Ørstaheimen knytt til reduksjon ved felleskjøkkenet
28/26	Søknad om kommunal garanti for lån - vedlikehald Ørsta kyrkje

Behandling:

Ordførar gjekk i gjennom referatsakene

Eldar Øye, kommunalsjef TEL orienterte i RS 20/26

Referatsakene vart tekne til vitende.

PS 19/26 Vurdering av auka grunnbemanning ved institusjonsdrifta i Helse, omsorg og velferd**Vedtak:**

Kommunestyret tek vurderinga av grunnbemanninga ved institusjonsdrifta til orientering, og ber kommunedirektøren:

1. arbeide vidare med ei heilskapleg og berekraftig bemanningsløyising for institusjonstenestene, med fokus på turnusstruktur, helgebemanning, arbeidsflyt og ansvarsfordeling,
 2. styrke samhandlinga mellom tildeling, heimeteneste og institusjon for å sikre betre pasientflyt og redusere ressurslekkasje
 3. vidare arbeid i Sjustjernenettverket for å etablere samanliknbare bemanningsdata og hente erfaringar frå kommunar med liknande drift
- Gjennomføre brukarundersøking i heimebasert omsorg som grunnlag for tenestene (punkt 2)
 - Levekårsutvalet ber om status ved å endre 15 sjukeheimsplassar til bufellesskap, og i tillegg legge ned bruk at romma for 4-5 sjukeheimsplassar (status - vedtak i LKU, mai 2025)
 - Samarbeidet i sjustjernenettverket – strategi for brukarmedverknad må bli tydeleg

Behandling:

Ingunn Gjengedal, kommunalsjef HOV orienterte og svarte på spørsmål, kommunedirektøren svarte på spørsmål.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: Innstilling fra Levekårsutvalet - 19.03.2026

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret tek vurderinga av grunnbemanninga ved institusjonsdrifta til orientering, og ber kommunedirektøren:

1. arbeide vidare med ei heilskapleg og berekraftig bemanningsløyising for institusjonstenestene, med fokus på turnusstruktur, helgebemanning, arbeidsflyt og ansvarsfordeling,
2. styrke samhandlinga mellom tildeling, heimeteneste og institusjon for å sikre betre pasientflyt og redusere ressurslekkasje
3. vidare arbeid i Sjustjernenettverket for å etablere samanliknbare bemanningsdata og hente erfaringar frå kommunar med liknande drift

Vedtak som innstilling frå Levekårsutvalet - 19.03.2026 - 14/26

Kommunestyret tek vurderinga av grunnbemanninga ved institusjonsdrifta til orientering, og ber kommunedirektøren:

1. arbeide vidare med ei heilskapleg og berekraftig bemanningsløyising for institusjonstenestene, med fokus på turnusstruktur, helgebemanning, arbeidsflyt og ansvarsfordeling,
 2. styrke samhandlinga mellom tildeling, heimeteneste og institusjon for å sikre betre pasientflyt og redusere ressurslekkasje
 3. vidare arbeid i Sjustjernenettverket for å etablere samanliknbare bemanningsdata og hente erfaringar frå kommunar med liknande drift
- Gjennomføre brukarundersøking i heimebasert omsorg som grunnlag for tenestene (punkt 2)
 - Levekårsutvalet ber om status ved å endre 15 sjukeheimsplassar til bufellesskap, og i tillegg legge ned bruk at romma for 4-5 sjukeheimsplassar (status - vedtak i LKU, mai 2025)
 - Samarbeidet i sjustjernenettverket – strategi for brukarmedverknad må bli tydeleg

Vedtak som innstilling frå Levekårsutvalet - 19.03.2026 - 15/26

Kommunestyret tek orienteringa til vitende.

- Før saka blir lagt fram for kommunestyret, så skal den sendast til brukar- og pårørandegruppa (ene) for innspel. Fleire pårørande bidreg ved måltida med frivillig arbeid, og har ei oppfatning av korleis tenestene blir levert og samarbeidet kan styrkast.
- Levekårsutvalet ber om å få ei evaluering av tiltaket om eitt år.

Oversendigsframlegg:

Tenestene skal dreie meir til forebyggande tiltak. Kosthald og mat forebygge underernæring (studier viser at 60% av sjukeheimspasientar er underernært og i risikogruppa), og helsesvikt som kan medføre fall og behov for ytterlege teneste. Individuelle vurderingar og oppfølging bør ikkje svekkast.

LKU stiller spørsmål ved om flytting av oppgåver frå kjøkkenpersonell og til helsepersonell vil forebygge/ redusere sjukmeldingsbehovet og gi reell innsparing? I tillegg, om det kan få konsekvensar for rekruttering til fagstillingane?

Frå heimelaga produksjon og til meir innkjøp av ferdigmat, kan det medføre til at ein flyttar kostnadar til dyrare innkjøp? Tiltaka i vurderingane viser ikkje økonomiske konsekvensar.

Vedtak som innstilling frå Levekårsutvalet - 19.03.2026 - 16/26

I møte 6. februar 2025, sak 1/25, så bestilte LKU ei sak om parkeringsforholda ved Bakk-Ola-marka (som har konsekvensar for legesenteret og Vallamarka). Vedtaket er ikkje blitt følgd opp.

LKU sitt arbeidsutval forslår: LKU ber om vedtaket i sak 1/25 blir følgd opp, og at LKU får ei snarleg tilbakemelding på kva som skal til for at areal ved løa kan bli bruk til parkering igjen, og at parkeringsplassar for rørslehemma blir skilta nær inngangen

PS 20/26 Fastsetting av krav til regaranti elvesikring Bondalselva

Vedtak:

Formannskapet vedtek at kommunen sine eksterne kostnadar til sikring av Bondalselva i perioden 2015-2025 på kr 911.429,50 vert å dele i samsvar med vassdragsskjønnet datert 05.10.1959 slik det er sett opp på vedlegg "Fordeling Bondalselva datert 31.03.26".

For eigedommar på gnr 169 vert andelen fordelt med heimel i naturskadelova § 24 slik:

Gnr	bnr	skjønn	andel	Endringer	Kroner
	169 1		25,5	2,5	22785,74
	169 10		0	0,7	6380,01
	169 90		0	0,7	6380,01
	169 92		0	0,7	6380,01
	169 93		0	0,7	6380,01
	169 112		0	0,7	6380,01
	169 125		0	0,7	6380,01
	169 134		0	0,7	6380,01
	169 139		0	0,7	6380,01
	169 140		0	0,7	6380,01
	169 141		0	0,7	6380,01
	169 156		0	0,7	6380,01
	169 161		0	0,7	6380,01
	169 165		0	0,7	6380,01
	169 167		0	0,7	6380,01
	169 168		0	0,7	6380,01
	169 170		0	0,7	6380,01
	169 172		0	0,7	6380,01
	169 173		0	0,7	6380,01
	169 175		0	0,7	6380,01
	169 180		0	0,7	6380,01
	169 185		0	0,7	6380,01
	169 95		0	2,5	22785,74
	169 119		0	0,8	7291,44
	169 1/ 174 og 68		0	2,5	22785,74
	169 198, 199		0	2,5	22785,74
Hj. Kommune	7,8,9,22,23, 28,31,33,36, 37,38,39,40, 41,42,43		5	1,5	13671,44
	169 179			0,7	6380,01
	169 181			0,7	6380,01
	169 182			0,7	6380,01
	169 183			0,7	6380,01
	169 184			0,7	6380,01
	169 25		1	1	9114,30
	169 26		0,5	0,5	4557,15
	169 19		1,5	0	0,00
	169 27		1	1	9114,30
	169 30		0,5	0,5	4557,15
	169 32		0,5	0,5	4557,15
	169 35		1	1	9114,30
	169 99		0	0,5	4557,15
	169 100 og 101		0	1	9114,30
Allstad for skule			4	4	36457,18
Allstad for idrottslag			4	4	36457,18
Hj. Kom skuleanlegget			2,5	2,5	22785,74
Hj. Kom vegar Sæbø			5	5	45571,48

Dette utgjør ein kostnad på grovt rekna 0,2 % av omsetningsverdien og er då langt under den verdiauken sikringstiltaket gir eigedommane, jf naturskadelova § 24.

Kommunen finn ikkje å kunne dekkje og innarbeide kostnaden nokre grunneigarar hadde til advokat og sakskostnader i høve spørsmålet og erstatning som naturskade.

Behandling:

Magnar Selbervik, miljøvernrådsgjevar orienterte og svarte på spørsmål og Eldar Øye kommunalsjef TEL svarte på spørsmål

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet vedtek at kommunen sine eksterne kostnader til sikring av Bondalselva i perioden 2015-2025 på kr 911.429,50 vert å dele i samsvar med vassdragsskjønnet datert 05.10.1959 slik det er sett opp på vedlegg "Fordeling Bondalselva datert 31.03.26".

For eigedommar på gnr 169 vert andelen fordelt med heimel i naturskadelova § 24 slik:

Gnr	bnr	skjønn	andel	Endringer	Kroner
	169 1		25,5	2,5	22785,74
	169 10		0	0,7	6380,01
	169 90		0	0,7	6380,01
	169 92		0	0,7	6380,01
	169 93		0	0,7	6380,01
	169 112		0	0,7	6380,01
	169 125		0	0,7	6380,01
	169 134		0	0,7	6380,01
	169 139		0	0,7	6380,01
	169 140		0	0,7	6380,01
	169 141		0	0,7	6380,01
	169 156		0	0,7	6380,01
	169 161		0	0,7	6380,01
	169 165		0	0,7	6380,01
	169 167		0	0,7	6380,01
	169 168		0	0,7	6380,01
	169 170		0	0,7	6380,01
	169 172		0	0,7	6380,01
	169 173		0	0,7	6380,01
	169 175		0	0,7	6380,01
	169 180		0	0,7	6380,01
	169 185		0	0,7	6380,01
	169 95		0	2,5	22785,74
	169 119		0	0,8	7291,44
	169 1/ 174 og 68		0	2,5	22785,74
	169 198, 199		0	2,5	22785,74
Hj. Kommune	7,8,9,22,23, 28,31,33,36, 37,38,39,40, 41,42,43		5	1,5	13671,44
	169 179			0,7	6380,01
	169 181			0,7	6380,01
	169 182			0,7	6380,01
	169 183			0,7	6380,01
	169 184			0,7	6380,01
	169 25		1	1	9114,30
	169 26		0,5	0,5	4557,15
	169 19		1,5	0	0,00
	169 27		1	1	9114,30
	169 30		0,5	0,5	4557,15
	169 32		0,5	0,5	4557,15
	169 35		1	1	9114,30
	169 99		0	0,5	4557,15
	169 100 og 101		0	1	9114,30
Allstad for skule			4	4	36457,18
Allstad for idrottslag			4	4	36457,18
Hj. Kom skuleanlegget			2,5	2,5	22785,74
Hj. Kom vegar Sæbø			5	5	45571,48

Dette utgjør ein kostnad på grovt rekna 0,2 % av omsetningsverdien og er då langt under den verdiauken sikringstiltaket gir eigedommane, jf naturskadelova § 24.

Kommunen finn ikkje å kunne dekkje og innarbeide kostnaden nokre grunneigarar hadde til advokat og sakskostnader i høve spørsmålet og erstatning som naturskade.

PS 21/26 Fullmakt til kriseleiinga - Ørsta kommune

Vedtak:

Ørsta kommunestyre delegerer alle fullmakter som er naudsynte for å sette i verk relevante skadeavgrensande tiltak til kriseleiinga, ved kriseleiar.

Fullmakta skal nyttast slik:

- utgifter skal så langt som råd dekkast innan eksisterande budsjett
- dersom dette ikkje er mogleg skal utgiftene dekkast ved omprioritering innan den totale budsjettramma
- i siste instans kan overskridingar utover den totale budsjettramma godtakast utan at det samtidig er inndekking
- forbruk ut over total budsjettramme på over 1 000 000 skal godkjennast av formannskapet, dersom utvalet kan kallast inn innan rimeleg tid
- ved ev. overforbruk utan inndekking skal det bli gjort greie for dette i eiga sak til kommunestyret etter at krisa er over.

Delegasjonsfullmakta gjeld når situasjonen er så alvorleg at kriseleiinga blir etablert.

Behandling:

Nytt felles forslag, foreslått av Per Are Sørheim, Høgre

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre delegerer alle fullmakter som er naudsynte for å sette i verk relevante skadeavgrensande tiltak til kriseleiinga, ved kriseleiar.

Fullmakta skal nyttast slik:

- utgifter skal så langt som råd dekkast innan eksisterande budsjett
- dersom dette ikkje er mogleg skal utgiftene dekkast ved omprioritering innan den totale budsjettramma
- i siste instans kan overskridingar utover den totale budsjettramma godtakast utan at det samtidig er inndekking
- forbruk ut over total budsjettramme på over 1 000 000 skal godkjennast av formannskapet, dersom utvalet kan kallast inn innan rimeleg tid
- ved ev. overforbruk utan inndekking skal det bli gjort greie for dette i eiga sak til kommunestyret etter at krisa er over.

Delegasjonsfullmakta gjeld når situasjonen er så alvorleg at kriseleiinga blir etablert.

Ingeborg Bjørneset, konsulent, orienterte
Kommunedirektøren trekte si tilråding.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt felles forslag**

Per Are Sørheim (H)

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre delegerer alle fullmakter som er naudsynte for å sette i verk relevante skadeavgrensande tiltak til kriseleiinga, ved kriseleiar.

Dette inneber:

- fullmakt til å disponere/omdisponere tilgjengelege ressursar i kommunen, uavhengig av organisatorisk plassering i den ordinære drifta
- fullmakt til å disponere budsjettet uavhengig av beløp, inkludert å overskride budsjettet utan samtidig å vise til dekning.

Fullmakta skal likevel nyttast slik:

- utgifter skal så langt som råd dekkast innan eksisterande budsjett
- dersom dette ikkje er mogleg skal utgiftene dekkast ved omprioritering innan den totale budsjetttramma
- i siste instans kan overskriddingar utover den totale budsjetttramma godtakast utan at det samtidig er inndecking
- forbruk ut over total budsjetttramme på over 1 000 000 skal godkjennast av formannskapet, dersom utvalet kan kallast inn innan rimeleg tid
- ved ev. overforbruk utan inndecking skal det bli gjort greie for dette i eiga sak til kommunestyret etter at krisa er over.

Delegasjonsfullmakta gjeld når situasjonen er så alvorleg at kriseleiinga blir etablert.

PS 22/26 Felles beredskapsråd - Volda og Ørsta kommunar

Vedtak:

Kommunestyret vedtek at Volda og Ørsta skal ha felles beredskapsråd, for å betre samordning av ressursar, og gi eit betre grunnlag for handtering av store hendingar på tvers av kommunegrensa.

Samansettinga av beredskapsrådet krev likelydande vedtak i Volda og Ørsta kommunar.

Kommunestyret vedtek slik samansetting av felles beredskapsråd:

Kommunane

- Ordførarane
- Kommunedirektørane
- Beredskapskoordinatorar
- Brannsjefar
- Kommuneoverlegar
- Interkommunal legevakt (felles)
- Kommunikasjonsansvarlege
- Landbruk (felles)
- NAV (felles)

Statlege aktørar

- Politiet (felles)
- Statsforvaltaren (felles)
- Sivilforsvaret (felles)
- Heimevernet (felles)
- Helse Møre og Romsdal HF (felles)

- Høgskulen/samskipnaden

Infrastruktur og næringsliv

- Kraftselskap/Linja (felles)
- SSIKT (felles)
- Statens vegvesen (felles)
- Møre og Romsdal fylkeskommune som vegmynde (felles)
- Avinor (felles)
- Volda næringsforum
- Ørsta næringskontor

Frivillige organisasjonar

- Røde Kors (Volda og Ørsta)
- Representant frå sanitetslag
- Kyrkja (Volda og Ørsta)

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek at Volda og Ørsta skal ha felles beredskapsråd, for å betre samordning av ressursar, og gi eit betre grunnlag for handtering av store hendingar på tvers av kommunegrensa.

Samansettinga av beredskapsrådet krev likelydande vedtak i Volda og Ørsta kommunar.

Kommunestyret vedtek slik samansetting av felles beredskapsråd:

Kommunane

- Ordførarane
- Kommunedirektørane
- Beredskapskoordinatorar
- Brannsjefar
- Kommuneoverlegar
- Interkommunal legevakt (felles)
- Kommunikasjonsansvarlege
- Landbruk (felles)
- NAV (felles)

Statlege aktørar

- Politiet (felles)
- Statsforvaltaren (felles)
- Sivilforsvaret (felles)
- Heimevernet (felles)
- Helse Møre og Romsdal HF (felles)
- Høgskulen/samskipnaden

Infrastruktur og næringsliv

- Kraftselskap/Linja (felles)
- SSIKT (felles)
- Statens vegvesen (felles)
- Møre og Romsdal fylkeskommune som vegmynde (felles)
- Avinor (felles)

- Volda næringsforum
- Ørsta næringskontor

Frivillige organisasjonar

- Røde Kors (Volda og Ørsta)
- Representant frå sanitetslag
- Kyrkja (Volda og Ørsta)

PS 23/26 Overordna beredskapsplan - administrativ og operativ del

Vedtak:

Ørsta formannskap godkjenner overordna beredskapsplan, med operativ og administrativ del, slik den ligg føre.

Med dei vedtekne endringane i sak 21/26.

Behandling:

Revidert forslag frå kommunedirektør, foreslått av Kari Flø,

Ørsta formannskap godkjenner overordna beredskapsplan, med operativ og administrativ del, slik den ligg føre.

Med dei vedtekne endringane i sak 21/26.

Ordførar orienterte, og Ingeborg Bjørneset, konsulent foreslo å legge til eit nytt punkt.

Kommunedirektøren trekte si tilråding.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Revidert forslag frå kommunedirektør**

Kari Flø

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre godkjenner overordna beredskapsplan, med operativ og administrativ del, slik den ligg føre.

PS 24/26 Høyring - Framlegg om mellombels endra maksimaltid for skjenking av alkohol i varegruppe 1 og 2 under fotball-VM 2026

Vedtak:

Framlegg til mellombels unnatak frå maksimaltid for skjenking av alkoholhaldig drikk i varegruppe 1 og 2 under fotball-VM 2026 i Ørsta vert lagt ut til offentleg høyring i samsvar med forvaltningslova §37, andre og tredje ledd.

Høyringsfrist vert sett til *fredag 22. mai 2026*.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Tilråding til vedtak:

Framlegg til mellombels unnatak frå maksimaltid for skjenking av alkoholhaldig drikk i varegruppe 1 og 2 under fotball-VM 2026 i Ørsta vert lagt ut til offentlig høyring i samsvar med forvaltningslova §37, andre og tredje ledd.
Høyringsfrist vert sett til *fredag 22. mai 2026*.

PS 25/26 Endring skjenkeløyve

Vedtak:

Ørsta formannskap har vurdert søknaden frå Nynorsk Kultursentrum om permanent utvida skjenkeløyve.

Formannskapet kjem søknaden i møte og gjev løyve til å utvide eksisterande alminnelege skjenkeløyve, slik at det også omfattar auditoriesalen inne og ute-kafeen, som vist på planskisse, dagsett 9.3. 2026. Vilkår og rammer for løyvet er dei same som gjeldande alminneleg løyve.

Vedtaket er heimla i alkohollova §§ 1-6, 1-7 og 4-2 – 4-4 og alkoholpolitisk handlingsplan for Ørsta kommune.

Behandling:

Anne Sølvi Vatne (H) ville ha sin habilitet vurdert, ho er medlem i rådet for Nynorsk kultursentrum og Synnøve Marie Sætre (SV) er vara for Anne Sølvi Vatne, begge vart røysta habile.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta formannskap har vurdert søknaden frå Nynorsk Kultursentrum om permanent utvida skjenkeløyve.

Formannskapet kjem søknaden i møte og gjev løyve til å utvide eksisterande alminnelege skjenkeløyve, slik at det også omfattar auditoriesalen inne og ute-kafeen, som vist på planskisse, dagsett 9.3. 2026. Vilkår og rammer for løyvet er dei same som gjeldande alminneleg løyve.

Vedtaket er heimla i alkohollova §§ 1-6, 1-7 og 4-2 – 4-4 og alkoholpolitisk handlingsplan for Ørsta kommune.

PS 26/26 Budsjett: Innlemming av Stortinget si saldering av statsbudsjett 2026

Vedtak:

- Oppvekst, kultur og inkludering får auka budsjetttramma si med kroner **3 395 000** finansiert av auka rammetilskot til Ørsta kommune gjennom statsbudsjettet for 2026. Auken i budsjetttramma blir brukt til å redusere uspesifisert innsparingskrav.

- Helse, omsorg og velferd får auka budsjetttramma si med kroner **4 441 000** *finansiert av auka rammetilskot til Ørsta kommune gjennom statsbudsjettet for 2026. Auken i budsjetttramma blir brukt til å redusere uspesifisert innsparingskrav.*

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

- Oppvekst, kultur og inkludering får auka budsjetttramma si med kroner **3 395 000** *finansiert av auka rammetilskot til Ørsta kommune gjennom statsbudsjettet for 2026. Auken i budsjetttramma blir brukt til å redusere uspesifisert innsparingskrav.*
- Helse, omsorg og velferd får auka budsjetttramma si med kroner **4 441 000** *finansiert av auka rammetilskot til Ørsta kommune gjennom statsbudsjettet for 2026. Auken i budsjetttramma blir brukt til å redusere uspesifisert innsparingskrav.*

PS 27/26 Val av styremedlemar i Tussa Kraft AS - 2026. Innstilling til valkomiteen

Vedtak:

Ørsta formannskap innstiller følgjande kandidatar til verv som Ørsta kommune sin styrerepresentant / vararepresentant i Tussa Kraft AS som er på val for perioden 2026-2028, i tråd med anbefalinga frå kompetanseutvalet.

Rune Hovde
Eva Haugen Øye

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta formannskap innstiller følgjande kandidatar til verv som Ørsta kommune sin styrerepresentant / vararepresentant i Tussa Kraft AS som er på val for perioden 2026-2028, i tråd med anbefalinga frå kompetanseutvalet.

Rune Hovde
Eva Haugen Øye

PS 28/26 Detaljregulering for Ose Næringsområde - Slutthandsaming

Vedtak:

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til reguleringsplan for Ose næringsområde og innkomne merknadar ved offentleg ettersyn. Med vising til plan- og bygningslova § 12-12 vedtek Ørsta kommunestyre detaljreguleringsplan for Ose næringsområde slik planen ligg føre på plankart datert 07.05.2025, revidert **26.03.2026**, med tilhøyrande reguleringsføresegner sist revidert 26.03.2026.

Behandling:

Ordføraren orienterte og Eldar Øye, kommunalsjef TEL svarte på spørsmål.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til reguleringsplan for Ose næringsområde og innkomne merknadar ved offentleg ettersyn. Med vising til plan- og bygningslova § 12-12 vedtek Ørsta kommunestyre detaljreguleringsplan for Ose næringsområde slik planen ligg føre på plankart datert 07.05.2025, revidert **26.03.2026**, med tilhøyrande reguleringsføresegner sist revidert 26.03.2026.

PS 29/26 Vedtak - Detaljregulering for Hustadnes fjordhytter

Vedtak:

Detaljregulering for Hustadnes fjordhytter er ei stadfesting av allereie etablert arealbruk samtidig som den gir rom for å utvikle området med fleire utleigehytter.

Detaljreguleringa gir føreseielege rammer for arealbruken i området. Hustadneset er eit svært synleg element i Hjørundfjorden og reguleringsplanen vil bidra til ei betre forvaltning av kulturlandskapet.

Føremålet med reguleringsplanen er fylgjande:

- Nye hytter og eksisterande hytter
- Å regulere inn fellesareal
- Areal til teknisk infrastruktur
- Å regulere del av tilkomstveg

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til Detaljplan Hustadnes fjordhytter og innkomne merknadar ved offentleg ettersyn. Med visning til plan- og bygningslova §12-12 vedtek kommunestyret planen slik han ligg føre på plankart datert 24.10.2025 med tilhøyrande føresegner datert 24.10.2025.

Behandling:

Johnny Saure Riise tenesteleiar, plan, byggesak og oppmåling svarte på spørsmål

Votering nr 1 - Votering over forslagForslag: **Opprinnelig forslag****For:** 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1**Mot:** 0 stemmer (0%)**Kommunedirektøren si tilråding:**

Detaljregulering for Hustadnes fjordhytter er ei stadfesting av allereie etablert arealbruk samtidig som den gir rom for å utvikle området med fleire utleigehytter.

Detaljreguleringa gir føreseielege rammer for arealbruken i området. Hustadneset er eit svært synleg element i Hjørundfjorden og reguleringsplanen vil bidra til ei betre forvaltning av kulturlandskapet.

Føremålet med reguleringsplanen er fylgjande:

- Nye hytter og eksisterande hytter
- Å regulere inn fellesareal
- Areal til teknisk infrastruktur
- Å regulere del av tilkomstveg

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til Detaljplan Hustadnes fjordhytter og innkome merknadar ved offentleg ettersyn. Med visning til plan- og bygningslova §12-12 vedtek kommunestyret planen slik han ligg føre på plankart datert 24.10.2025 med tilhøyrande føresegner datert 24.10.2025.

PS 30/26 Vedtak - Detaljreguleringsplan for bustadar - Kvievegen 8 - Sæbø**Vedtak:**

Detaljplan for bustadar - Kvievegen 8 - Sæbø har som hovudføre mål å legge til rette for framtidig etablering av fleire bueiningar sentralt på Sæbø. Sæbø sentrum har avgrensa areal tilgjengeleg primært grunna utfordringar i høve flaum, skred og jordvernsomsyn. Fortetting og gjenbruk/transformering vil bidra til å kunne utvikle Sæbø som bygdesenter.

Planframlegget opnar med dette for at eigedomen kan utviklast for inntil 4 bueiningar med tilhøyrande garasjer.

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til Detaljplan for bustadar - Kvievegen 8 - Sæbø og innkome merknadar ved offentleg ettersyn. Med visning til plan- og bygningslova §12-12 vedtek kommunestyret planen slik han ligg føre på plankart datert 04.06.2025 med tilhøyrande føresegner datert 29.08.2025.

Behandling:**Votering nr 1 - Votering over forslag**Forslag: **Opprinnelig forslag****For:** 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1**Mot:** 0 stemmer (0%)**Kommunedirektøren si tilråding:**

Detaljplan for bustadar - Kvievegen 8 - Sæbø har som hovudføre mål å legge til rette for framtidig etablering av fleire bueiningar sentralt på Sæbø. Sæbø sentrum har avgrensa areal

tilgjengeleg primært grunna utfordringar i høve flaum, skred og jordvernsomsyn. Fortetting og gjenbruk/transformering vil bidra til å kunne utvikle Sæbø som bygdesenter.

Planframlegget opnar med dette for at eigedomen kan utviklast for inntil 4 bueiningar med tilhøyrande garasjer.

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til Detaljplan for bustadar - Kvievegen 8 - Sæbø og innkomne merknadar ved offentleg ettersyn. Med visning til plan- og bygningslova §12-12 vedtek kommunestyret planen slik han ligg føre på plankart datert 04.06.2025 med tilhøyrande føresegner datert 29.08.2025.

PS 31/26 Utarbeiding av forskrift om fellingsavgift på hjort - Ørsta kommune - utsending på høyring

Vedtak:

Ørsta formannskap vedtek å sende forslag til "Forskrift om fellingsavgift for hjort, Ørsta kommune, Møre og Romsdal" ut på offentleg høyring, med minimum 4 veker høyringsfrist. Det vert føreslått fellingsavgift på kr 200 for kalv og kr 350 for vaksne dyr.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta formannskap vedtek å sende forslag til "Forskrift om fellingsavgift for hjort, Ørsta kommune, Møre og Romsdal" ut på offentleg høyring, med minimum 4 veker høyringsfrist. Det vert føreslått fellingsavgift på kr 200 for kalv og kr 350 for vaksne dyr.

PS 33/26 Omdisponering av investeringsmidlar - kjøkkendrift

Vedtak:

Kommunestyret tilrår at investeringsmidlar på kr 163 000 som er sett av til innkjøp av kombidampar til kjøkkenet ved Hjørundfjordheimen, vert omdisponerte til innkjøp av ny kokegryte.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret tilrår at investeringsmidlar på kr 163 000 som er sett av til innkjøp av kombidampar til kjøkkenet ved Hjørundfjordheimen, vert omdisponerte til innkjøp av ny kokegryte.

PS 34/26 Eigengodkjenning av Detaljreguleringsplan for Øy hyttefelt og Langåsen hyttegrend

Vedtak:

Ørsta kommunestyre vedtek detaljregulering for Øy hyttefelt og Langåsen hyttefelt i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12.

Planen vert vedteken med:

- **plankart** datert 13.04.2026
- **reguleringsføresegner** datert 13.04.2026
- **planomtale** datert 04.03.2026

Behandling:

Johnny Saure Riise, tenesteleiar. plan byggesak og oppmåling svarte på spørsmål.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre vedtek detaljregulering for Øy hyttefelt og Langåsen hyttefelt i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12.

Planen vert vedteken med:

- **plankart** datert 13.04.2026
- **reguleringsføresegner** datert 13.04.2026
- **planomtale** datert 04.03.2026

PS 35/26 Trafikktrygging 2026 - tilskot til trafikktryggingstiltak ved Vartdal skule

Vedtak:

Ørsta kommunestyre aukar ramma for prosjekt 025902 Trafikktryggingstiltak med kr 1 875 000,- til kr 5 875 000. Auken fører ikkje til auka låneopptak, men vert i si heilheit finansiert av tilskot på kr 1 500 000 og mva-komp. på kr 375 000.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, KrF 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre aukar ramma for prosjekt 025902 Trafikktryggingstiltak med kr 1 875 000,- til kr 5 875 000. Auken fører ikkje til auka låneopptak, men vert i si heilheit finansiert av tilskot på kr 1 500 000 og mva-komp. på kr 375 000.

PS 36/26 Månadsrapport prognose pr. februar 2026

Vedtak:

Formannskapet er uroleg over situasjonen og vil følgje opp dette i prosessane framover.

Behandling:

Jan Inge Bueide, økonomisjef og kommunedirektøren orienterte og svarte på spørsmål.

Ordførar la fram forslag: Formannskapet er uroleg over situasjonen og vil følgje opp dette i prosessane framover.

PS 16/26 Spørsmålskvarter

Spørsmål:

Kva plan har Ørsta kommune når det gjeld hoppid.no?, foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet

Ørsta kommune får ikkje tildelt nye midlar frå hoppid.no i 2026 som blir tildelt frå kompetanse- og næringsutvalet i fylket. Dette gjeld kommunar som hadde meir enn 130 000 kroner ubrukt ved utgangen av 2025. Hoppid.no er eit tilbod til den som vil starte bedrift i Møre og Romsdal og kan **bidra med** sparring om forretningsidé og forretningsmodell, rettleiing i regelverk og finansiering, og økonomisk støtte (avklaringsmidlar).

Utbetalinger fra Tussa, foreslått av Tore Thon, Framstegspartiet

Som største eier er det interessant å se fordeling av eier-utbetalinger fra Tussa. Kan ordfører utdype hva som ligger bak de ulike postene som gjør at eiere med langt lavere eierpost ender opp med betydelig større inntekt fra Tussa.

Ordførar svarte på spørsmålet frå Karen Høydal (AP)

Det er Ørsta næringskontor som administrerer Hoppid midlane frå MR fylkeskommune. Tildelingane skjer fortløpande basert på etterspurnaden frå dei som ønskjer å starte bedrift i Ørsta.

Utbetaling frå Tussa frå Tore Thon (FrP)

Ordførar svarte at utbytte frå Tussa vert betalt i samsvar med eigarprosenten, og her er Ørsta kommune største eigar med om lag 30% av aksjane. I tillegg betalar Tussa eigedomsskatt på sine anlegg til dei kommunane der dei er lokaliserte. Tussa sitt anlegg på Bjørke er her det største og det ligg no i Volda kommune. Tussa betalar også konsesjonsavgift, konsesjonskraft og naturressursskatt. Desse har ulik innretning, men vil i hovudsak kome den kommunen som har dei største kraftanlegga til gode.